

**Namn på skulen: Knarvik vidaregåande skule**

**Tal elevar skuleåret 2016/17:**

## **1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**

**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

### **1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	81,4%
2016/17	94,8%

### **1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	8,14%	5,78%
	2016/17	5,11%	4%
Termin 2/standpunkt	2015/16	4,74%	4,42%
	2016/17	2,95%	2%

Eksamen	2015/16	4,31%	
	2016/17	1,1%	

### 1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

**Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1**

**25 stk**

**Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt**

**14 stk**

*Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?*

Vi ser at innføring av ei fráværsgrense har redusert fráværet merkbart. I tillegg har skulen ein mykje høgare gjennomføringsprosent og det er rimeleg å tru at fokuset på frávær har vore medverkande her. Vi ser også at fráværsgrensa har hatt ein klår effekt for elevar som vart varsla i 1. Termin. Nokre elevar får større press på seg enn dei greier å handtera. Nokre av desse har også slutta.

*Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?*

Vi har eit system med varsling til elevar og føresette den 15. i kvar måned. Vi meiner dette set eit trykk på elevane og får dei til å redusera fráværet.

Vi gjer merksam på at fleire av elevane som har fått IV, er elevar med stort frávær i fleire fag og som vi ikkje har skrive ut og som vi har vore opptekne av å halda kontakten med.

1.4 Gjennomsnittleg frávær	
2015/16 timar	16,4
dagar	8,98
2016/17 timar	11,15
dagar	7,36

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrotsdato frå 1/10	
2015/16	3%
2016/17	3,4%

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p><i>Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</i></p> <p>Ingen elevar.</p>	

## 1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

### ***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Som tala syner har skulen betra seg mykje på desse områda. Talet på elevar som ikkje gjennomfører er likevel for høgt. Vi har likevel ein del elevar som vi av ulike grunnar ikkje får skrive ut. Dette kan vera elevar som ikkje møter til avtaler om å skriva seg ut. Det er einskildelevar som vi vurderer som spesielt sårbare og som det er viktig at vi følgjer opp til vi veit at dei har eit betre alternativ enn skule.

### ***Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skulen har ei klår målsetting om at elevane på skulen skal følgjast tett opp etter oppstart. Vi har utarbeidd klårare rutiner for oppfølging av fråvær. Vi har også sett fokus på skule- og klasse miljøtiltak. For å sikra betre overgang mellom nivå må vi ha eit større fokus på systematisk arbeid med karriererettleiing.

For nye elevar på skulen er det viktig å gjennomføra startsamtaler dei første skuledagane. For å sikra mest mogeleg lik praksis mellom klassane har vi også oppretta kontaktlærarforum (sjå nedanfor). Vi vil frå hausten få ein innføringsklasse for minoritetsspråklege og vi har utarbeidd eigne rutiner for denne klassen. I klassar med spesielle utfordringar har vi hatt ei forsøksordning med startsamtaler saman med føresette.

Elevar som ikkje møter, skal kontaktast og vi skal ha fokus på at dei vert følgd opp av oss eller andre instansar.

### ***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Talet på sluttarar ved Knarvik vidaregåande skule er ikkje høgt, men vi må vera spesielt merksame på elevar som får eit høgt fråvære. Desse elevane må følgjast opp. Vi har sett at det er ein del ulikskap i den daglege praksis som kontaktlærarane har når det gjeld denne typen elevar. Dette har vi fokusert på dei siste åra gjennom satsinga på klasseleiing og no kontaktlærarforum. Dessutan må kontaktlærarane kontinuerleg følgja opp fråvære dei første dagane då elevane skal finna sin plass i klassen. Vi har eit stort fokus på at kontaktlærarane skal gje tilbakemelding til leiinga om fråvære. Leiinga må verta tydelegare på ansvaret kontaktlærarane har når det gjeld oppfølging av elevane sitt fråvære. Skulen har

utarbeidd eit klårare system på oppfølging av elevar med høgt fråvær. Fokuset på kontaktlærerforum meiner vi er viktig for harmonisera vår oppfølging av einskildelevar.

Det kan vera utfordringar med å finna gode alternativ for elevar i denne gruppa. Det er få alternative opplæringsarenaer. Ein del elevar i denne gruppa er også så sjuke at dei ikkje kan gå på skule.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Det er viktig med ei rolleavklaring i samband med oppfølging av fråvær. Arbeid mot fråfall må systematiserast endå betre, t.d. gjennom meir tid til karriererettleiing og fokus på eit godt skulemiljø.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – namn

*Vi gjer merksam på at skulen fekk ny leiing sommaren 2016. Av den grunn har vi fått utsetjing til skuleåret 2017-2018 med vår nye utviklingsplan. Allereie i august 2016 starta arbeidet med denne planen. Mykje godt arbeid er blitt gjort her, m.a. gjennomførte vi ei personalsamling i Myrkdalen i november.*

*Sjølv om vi har vore i eit mellomår i høve til utviklingsplanen, betyr ikkje dette at vi ikkje har drive utviklingsarbeid. Vi vil gjerne trekka fram tre satsingsområde som ein også finn i utviklingsplanen frå 2015-2016*

## ***FYR (fellesfag-yrkesretting-relevans)***

*Kva var målet med tiltaket?*

- yrkesretting av fellesfaga for å visa fellefaga sin relevans for yrkesfag og yrke.
- høgare karakterar og gjennomføring for elevar på yrkesfag.
- arbeidd med dei fem "basisferdighetene" og gjera dei relevante for yrkesfaga

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Vi har oppretta team samansett av yrkesfag- og fellesfaglærarar. Desse teama har sett seg inn i kvarandre sine læreplanar og har planlagt og gjennomført tverrfaglege undervisningsopplegg.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Dette er ei landsdekkande satsing og vi har hatt både lærarar og leiing med på store nasjonale seminar. KNV meiner også dette er eit svært viktig satsingsområde og vi har latt dette prega skulekvardagen. Vi har sett av tid til prosjektet og vi har tildelt konkrete oppgåver slik at vi no har eit meir systematisk utviklingsarbeid her som pregar undervisninga direkte.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Dette er lagt fast i skulen sin møteplan. Lærargruppene er sett saman av leiinga ved skulen. Sjø elles over.

### **2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?**

Vi har lagt til rette gjennom tilpassa møteplanar som har gjort det mogeleg for lærarane å møtast i teama gjennom skuleåret. Vi har også hatt "delesamling" der teama har presentert sine opplegg for kvarandre.

### **2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Vi har fått meir og betre kontakt mellom yrkesfag- og fellesfaglærarar. Lærarane har fått meir innsikt i kvarandre sine fag. Elevundersøkinga viser betre resultat når det gjeld yrkesretting av fellesfaga. Vi er nøgde med at vi har fått til eit meir systematisk og kontinuerleg utviklingsarbeid gjennom året. Vi har også fått klare positive tilbakemeldingar frå elevar på FYR-satsinga vår.

### **2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Dette er ein prosess som er i gang og vi skal halda fram med denne satsinga. Det er også viktig å fanga opp nye lærarar som ikkje har deltatt tidlegare..

### **2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

Vi er nøgde med det vi har fått til. Dette gjeld resultat, men også måten vi har organisert oss på i dette prosjektet slik at det har vore mogeleg for dei fleste aktuelle lærarane å delta. Vi har likevel sett at det er viktig for leinga å ha klare forventningar til kva vi ønskjer å oppnå i dette prosjektet. Difor er avdelingsleiarane si tette styring av prosjektet viktig for å lukkast.

## 2.2 Utviklingstiltak – namn

### ***Kontaktlærerforum***

*Kva var målet med tiltaket?*

- likare praksis rundt orden og åtferd.
- diskusjon av kriteriar for orden og åtferd
- betre fråværsføring (tydeleg forbetring i siste halvår)
- forum for å ta opp ulike problemstillingar som kontaktlærer kan møta
- før første skuledag drøfting av korleis elevane skal bli tatt i mot

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Vi har gjennomført fellessamlingar for alle kontaktlærer. I tillegg har vi hatt arbeidsøkte på tvers av avdelingar og innad i avdelingar. Dei diskusjonane vi har hatt på kontaktlærerforum, har vorte vidareformidla på klasselærarmøta.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Bakgrunnen for tiltaket har vore at vi har sett at det er ulik praksis mellom klassar på ulike avdelingar.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Kontaktlærerforum har vore arrangert i forkant av klasselærarmøta og karaktermøta.



---

### **2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Det er assisterande rektor og den eine pedagogiske leiaren som har hatt hovudansvaret for organiseringa av kontaktlærarforum. Dei har også leia desse møta. Totalt har vi gjennomført 5 slike møte dette skuleåret.

### **2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Ja. Vi har fått til betre fråværsføring. Tilbakemeldingane frå kontaktlærarane har også vore svært gode m.o.t. korleis vi no set ordens- og åtferdskarakterane og høve til å diskutera ulike problemstillingar i elevgruppa.

### **2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Vi er svært nøgde med kva vi har oppnådd, men vi held fram med å arrangera og vidareutvikla kontaktlærarforum komande skuleår.

### **2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

**Sjå over.**

**2.3 Utviklingstiltak – namn**

### ***Planlagt samarbeidstid.***

*Kva var målet med tiltaket?*

-meir samarbeid mellom lærarane

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Vi har sett fokus på å utvikla felles årsplanar/periodeplanar, samarbeid om vurderingsarbeidet og saman å utvikla eit metaperspektiv på eiga undervisning.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Vi har ønska å få til meir samarbeid mellom lærarane og utvikla betre systematikk i utviklingsarbeidet. Gjennom samarbeidet har vi ønska å utvikla undervisningsmetodikken slik at den vert meir variert. Vi har også sett behovet for å få til eit betre samkjøring av lærarane i vurderingspraksisen.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Vi har sett av ein time kvar veke til dette arbeidet. Det er sett opp eit rulleringssystem på 5 veker for å unngå kollisjonar mellom fag.

#### **2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Avdelingsleiar har hatt ei munnleg vurdering midtvegs i året. Tilbakemeldinga frå lærarane har vore positive og vi heldt fram neste skuleår.

### **2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Det er blitt meir system i samarbeidet og vi sikrar oss at fleire deltar i samarbeid med kollegaer i same fag.

### **2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Vi har fått til meir organisert samarbeid, men vi vil halda fram med å utvikla dette.

### **2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

Organiseringa fungerer godt, men det er nokre få lærarar som må ha undervisning i denne samarbeidstimen.

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

#### **3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Dette året har vi arbeidd mykje med å laga ei ny form på utviklingsarbeidet vårt slik at vi skal kunna lukkast betre med dette i framtida. Utviklingsplanen vår vil bli todelt der ein del vil sentrera seg om læraren. Denne vil bli driven på avdelingsnivå der lærarane skal ha sine egne prosjekt knytta opp mot dei måla i utviklingsplanen som vi allereie har sett. Vi har tatt utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sitt styringsdokument og har også laga utviklingsprosjekt på leiarnivå. Eitt av satsingsområda her er skulevandring. I denne prosessen har vi arbeidd med å finna fram til skulen sin ståstad for å kunna setta mål for vidare utvikling.

I plenum har vi gjennomgått elevundersøkinga og resultat vi har funne i Hjernen og hjertet. Kontaktlærarane har også tatt desse resultatane med seg inn i drøftingane i kontaktlærarforum.

#### **3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Vi har nytta kontaktlærarforum, klasselærarmøta og avdelingsmøta. Under personalsamlinga i Myrkdalen i november fekk vi innspel til framlegget til utviklingsplanen som vi har arbeidd med dette skuleåret. Vi sette også av tid til gruppediskusjonar om innhaldet i NOU 2015:8, Framtidsskolen. Her fokuserte vi på fem sentrale kompetansar for utdanning i framtida: *Sosial og emosjonell kompetanse, Innovasjon og entreprenørskap, Bærekraftig utvikling, Dybdelæring og Å lære å lære.*

### **3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Vi har involvert lærarane på planleggingsdagar der diskusjonar omkring utviklingsplanen har vorte tekne opp. Vi vil spesielt trekka fram personalsamlinga i Myrkdalen. Vi har prøvd å få dette til gjennom å ikkje gjera problemstillingane for generelle, men knyta dei til dei faga kvar einskild lærar underviser i. Samstundes har vi sett fokus på korleis den generelle delen av læreplanen kan gjerast aktiv i det daglege arbeidet i klasserommet. Vi høyrer at lærarane har opplevd diskusjonar og samarbeid som relevante og interessante. Utviklingsarbeid er fast post på avdelingsmøta våre.

### **3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Vi har innført eit system med lunsjmøte (4 gongar i året) med elevrådsstyret, rektor og elevinspektør. Her har det vore sakliste med innkalling der det har vore tema knytt til skulen sin utviklingsplan. På desse møta har elevane engasjert seg og har t.d. tatt opp saker som vurderingspraksis i einskildfag. Om hausten har vi eit dagars møte for elevrådsstyret. Dette møtet var spesielt knytta til elevdemokrati og opplæring.

### **3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Det har alltid vore ei utfordring med å få alle lærarane med i utviklingsarbeidet. Nokre opplever dette som leiinga sitt prosjekt og vil berre ha fokus på det som skjer i klasserommet. Når ein ser at utviklingsarbeid vert tydelegare knytta til kvardagen i klasserommet, er det lettare å få fleire med. Likevel må vi bli flinkare til å etterspørre resultat og vera klårare m.o.t. forventningane vi har til lærarane si deltaking i utviklingsarbeidet. Tettare oppfølging av den einskilde og bruk av dei erfaringane lærarane gjer under utprøving av ulike utviklingstiltak, vil verka motiverande for alle partar. Såleis har nokre avdelingar diskutert eit belønningssystem for utviklingsarbeid. Eitt framlegg har vore å gje lærarar eit gåvekort dersom dei utviklar undervisningsopplegg som kan delast med andre utanfor skulen (t.d. på NDLA).

### **3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Vi vil igjen understreka at vi har vore i eit mellomår og at vi med ny leiing er på veg til å få ein ny utviklingsplan.

Samstundes ser vi at vi driv mykje utviklingsarbeid og at dette er i tråd Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016-2018. Her heiter det m.a.

“Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.”

Vi ser det slik at vi har styrt etter desse signala allereie dette skuleåret. Vi har tatt utgangspunkt i eigen analyse av kor det er viktig at vi nyttar våre utviklingsressursar slik at det får effekt på

## 4 Ope felt - valfritt

*Knarvik vidaregåande skule har ulike satsingsområde. Nokre er knytta til einssilde avdelingar, mens andre er knytta til heile skulen.*

**Internasjonalisering:** Knarvik vidaregåande skule har i fleire år hatt eit ganske omfattende samarbeid med Frankrike. Sidan 2010 har vi kvart år hatt både elevar og lærarar frå vår samarbeidsskule i Vienne, Institution Robin, på besøk. I år har vi hatt 5 lærarar (deriblant assisterande direktør) og 10 elevar (HS) og i april var det 5 lærarar til der vi som vanleg ordnar eit program der dei får møta norske lærarar og andre skular). Samarbeidet byrja på STUSP, men YF er blitt meir og meir involvert. Spesielt HS. Vi har også sendt både elevar og lærarar til Vienne. I desember 2016 sendte vi vår nye rektor på job-shadowing i Vienne. I oktober skal 2 lærarar, elevar og leiarar (rektor og ein avdelingsleiar) delta på eit stort eivekes internasjonalsiseringssymposium i Vienne med eit svært interessant og målretta program for kvar gruppe.)

Vi hjelper også skulen med utplassering av elevar frå hotell- og restaurantfag (teknisk fagskule). I år skal vi for 3. gang utplassera elevar på Solstrand og Fleischer hotell i 4 månader.

Siden 2013 har vi samarbeidd med Lycée Augustin Hébert i Evreux i Normandie om utveksling på byggfag. Dei to siste åra har vi ordna med utplassering saman med elevar frå TAF-Byggfag, bedriftsbesøk og sosiale og kulturelle opplevingar for desse elevane og lærarane frå denne skulen. Vi hadde våren 2017 6 elevar og 2

lærarar frå Evreux.

I samband med Winds and Tides (Strategisk Partnerskap med Skotland og Frankrike): <http://www.windsandtides.com> ) hadde vi i november 12 elevar og 2 lærere her på bedriftsbesøk og ulike sosiale og kulturelle aktiviteter. Tolv av våre elevar (saman med 2 lærarar) var på ei tovekes studiereise i Skotland for å studera ny og fornybar energi. Denne studiereisa førte også til at vi har knytta kontakter med skular innan yrkesfag på Orknøyane. Vi har gjennom HFK søkt om midlar til å senda lærarar frå TP på studiebesøk til desse skulane. Målsettinga er at vi på sikt skal få til eit tettare samarbeid med dei.

I tillegg har vi i vår søkt om midler til eit strategisk partnerskap med Walddörfer gymnasium i Hamburg der vi skal jobba med fornybar energi, energilagring og energitransport over landegrensene. Her har vi fått med mange store partnere: CMC, Institutt for energiteknikk på Kjeller og flere. Arbeidet i dette prosjektet er knytta opp mot faget Teknologi og forskningslære som vi skal tilby for Vg 1 STUSP komande skuleår.

Generelt vil vi seia at vi arbeider medvite med å utvida internasjonaliseringsaktivitetene våre slik at vi skal få flere lærarar, elevar og avdelingar med. Vi ser at deltaking i slike aktivitetar verkar svært inspirerande for elevar og lærarar og er med på å gje dei nye impulsar som dei kan nytta i den daglege undervisninga.

Den viktigaste pilaren i internasjonalisering ved Knarvik vidaregåande skule er vår klasse på Vg 2 studiespesialisering i Wales. Dette er eit tilbod som vi har hatt sidan 1997 og som har gitt meir enn 300 elevar viktig internasjonal røynsle og svært gode engelskkunnskapar. Vi er no i gang med ein prosess der vi ønskjer å utvida samarbeidet med skulane i Wales og å involvera fleire av yrkesfaga. Vi har gjort avtale om å møta desse skulane til hausten for å drøfta dette.

### ***Helsefremjande skule***

Knarvik vidaregåande skule har vore ein av 4 pilotskular frå august 2015 fram til juni 2017 der fokus har vore fysisk aktivitet, psykososialt miljø og kosthald/ernæring.

Målsettinga har vore å auka kompetansen vår når det gjeld sambandet mellom helse og læring.

Aktivitetar i dette prosjektet har vore:

- ulike aktivitetar som bordtennis, volleyball, frisbee og andre
- samarbeid med Knarvikmila og deltaking i løpet, økonomikurs og smaksprøver på fiskeprodukt



- kursopplegg frå Mental helse Ungdom for alle Vg 1 klassane
- stressmestringskurs i samarbeid med skulehelsetenesta
- skulemekling for å løyse konflikhtar mellom elevar
- kurs for alle dei tillitsvalde om førebygging av mobbing (i regi av Mobbeombodet)
- elevar som miljøvakter i friminutta
- KNV-makkarskap for Vg 1 klassane (sikra at elevane blir kjende med fleire og kjenner seg trygge på skulen)

Som eit av resultatane i prosjektet har skulen tilsett ein miljøterapeut i full stilling.

Skulen har sendt ein prosjektrapport til opplæringsavdelinga i HFK.

#### Evaluering

Vi er svært nøgd med at ein del av aktivitetane i prosjektet er lagt inn som delar av planane for komande skuleår. Elevane har vore involvert i prosjektgruppa og har sagt at aktivitetane i prosjektet har vore svært positive for elevgruppa og miljøet ved skulen.

#### ***Konsekvenspedagogikk.***

Avdeling for tilrettelagt opplæring ved Knarvik vidaregåande skule har arbeidd med referanse til konsekvenspedagogikk i 5 år. Vi har hatt 10 lærarar som har teke utdanning i konsekvenspedagogikk dei to siste åra.

Målet har vore å få etablert ein pedagogisk kultur der det vert lagt vekt på sosial læring og utvikling av sosial handlingskompetanse. Vi ønsker å profesjonalisere den pedagogiske innsatsen gjennom en haldingsstyrt og forpliktande arbeidsform.

Pedagogikken vert implementert gjennom:

- morgonmøte
- avdelingsmøte
- fagmøte
- aktiv bruk av konsekvenspedagogisk metode

I kvardagen inneber arbeidet med konsekvenspedagogikk at vi har fokus på sosiale normer og handlingskompetanse. Medarbeidarane på avdelinga prøver syna tydelege normar og gjer tiltak dersom desse vert brotne. Dette inneber samtalar og tett oppfølging av elevane. Vi fokuserer til dømes på:

- det å kunna ta avgjerder sjølv
- truverde
- det å kunna vera open for læring

-å kunna samarbeida med andre

Vi meiner desse sosiale kompetansane styrkar den faglege læringa.

Avdelinga vurderer arbeidet med konsekvenspedagogikk som vært nyttig for den målgruppa vi har på avdelinga og satsar på å utvikla arbeidet med denne pedagogikken vidare. Dei føresette gir oss også stort sett positive tilbakemeldingar, men vi opplever også at det er føresette som ikkje er så nøgde med den grensesettinga som ligg i pedagogikken.